

Interpellasjon nr.3 21.juni 2018

Takk for interpellasjonen.

Tilfluktsrom

Bygging, drift og vedlikehald av tilfluktsrom er regulert i Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven), tilhøyrande forskrifter og utarbeidde instruksjer.

Bygging, drift og vedlikehald av tilfluktsrom er eit «spleiselag» mellom det offentlege og private aktørar.

Tilfluktsromma som er i Lindås kommune var bygd under eit trusselbilde som var mellom 1948 og 1995 og støtter beredskapen mot dei hendingane som var i det trusselbildet .

Dagens trusselbilde er annleis, og regjering og storting har ikkje så langt kome med endringar i bruk eller bygging av tilfluktsrom i forhold til trusselbildet som er no.

Som interpelanten skriv i interpellasjonen;

I Stortingsmelding 17 (2001-2002) blei det vedtatt midlertidig stans av tilfluktsrom, men det var også vedtatt at eksisterande tilfluktsrom SKAL vedlikehaldast. Dette er gjentatt i St.melding 39(2003-2004) om Samfunnsikkerhet og sivil-militært samarbeid.

Lindås kommune er 1 av 11 kommunar i Hordaland fylkje som vart pålagt plikt til å byggja tilfluktsrom i forskrift om tilfluktsrom og vidareført i forskrift av 1995.

Lindås kommune har halde seg til stortingsmeldinga når det gjeld bygging av tilfluktsrom. Når det kjem til vedlikehald har ikkje Lindås kommune satt av øyremerka midlar til spesifikt vedlikehald av «tekniske system» som er spesialisert i forhold til funksjon som tilfluktsrom. Ørvig vedlikehald og kontroll er følgd opp innafor for dei vedlikehaldssystema og med dei midlane som er tildelt i budsjetta til eigedom.

Forskrift om tilfluktsrom 1995-03-15-254 § 36; seier :» Ved planlegging og bygging av tilfluktsrom skal det legges vekt på at rommene kan gis en hensiktsmessig utnyttelse i fred «.

Dette gir kommunen og andre eigarar full anledning til å utnytte tilfluktsrom i fredstid, under føresetnad av at romma sin beskyttande evne ikkje vert reduserast og at det kan klargjerast som tilfluktsrom i løpet av 72 timer i ein beredskapssituasjon.

Det er eigar sitt ansvar å byggje, utstyre og vedlikehalde tilfluktsromma, samt å sjå til at romma vert klargjorde for bruk i ein beredskapssituasjon.

Lindås kommune bruker eigne tilfluktsrom til «fredsformål» og prøver å oppfylla intensjonen i §36, men har ikkje ein oversikt om dette er gjennomført i heile sin breidde.

Tilfluktsromma er fordelt på tre kategoriar og eigarforhold; 1.privat 2. kommunale og 3. offentlege.

Privat tilfluktsrom er tenkt for dei som er tilsett, oppheldt eller har sitt døgn opphald der (busett) og er på staden/bygget i ei hending eller beredskapssituasjon. Døme på slike stader kan være kjøpesenter, større bedrifter og bustadblokker over ein vis størrelse.

Kommunale rom ligg i hovudsak i skule- og administrative bygg. Desse er tiltenkt personar (tilsette og elevar) som oppheldt seg i byggja ved ei hending eller beredskapssituasjon.

Offentleg tilfluktsrom er for dei som ikkje har eit tilfluktsrom der dei oppheld seg.

Så til antalet, og tala er oppgitt etter Sivilforsvaret sine opplysingar.

Spørsmål:

1. Kor mange tilfluktsrom har Lindås Kommune?

Det er pr.d.d i Sivilforsvarets sin dokumentasjon registrert totalt 47 tilfluktsrom i Lindås kommune.

Desse er fordelt slik;

31 Private

15 kommunale

1 rom er til offentlig bruk

2. Kor ligg tilfluktsromma?

Tilfluktsromma ligg speidd i heile kommunen, i offentlege- og private bygg som skular, burettslag, bedrifter. Det er ikkje ønskelig frå Sivilforsvaret side eller administrasjon å offentleggjere plasseringa. Plasseringa er ikkje unnateke offentlig innsyn, men av beredskapsmessig hensyn ynskjer ein ikkje dette.

Interpellanten og andre kan ved å henvenda seg til administrasjon få innsyn i plasseringa.

3. Kva er kapasiteten på desse, og er det i samsvar med krava sett i forhold til innbyggjartal?

Kapasiteten i Lindås kommune er 6084 plasser utrekna etter standardmål. Dette gjev ei dekning på 38,5 % i kommunen.

Det er ikkje spesifikke krav til kapasitet, men krav til bygging av tilfluktsrom etter bygningens bruk, beskaaffenthet og storleik i tidsrommet FØR Stortingsmelding 17 (2001-2002) kom.

4. Er standaren på tilfluktsromma ihht lov?

Krava til «standard» på tilfluktsrom er knytt til gjeldane forskrift på byggetidspunktet. Forskrifta er etablert i 1948, med endringar i 1966 -1976-82, 1995, og nokon mindre endringar i tekniske løysingar sidan 1995..

Dei tilfluktsromma som Lindås kommune har ansvaret for, er bygd etter den standaren som var gjeldande på bygge tidspunkt.

5. Kan desse tilfluktsromma gjerast klar innan 72 timar, og har Lindås Kommune ein plan for det?

Forskrift om tilfluktsrom set krav om mogleg bruk i fredstid, med tidsfrist 72 timar ved varsla unntakstilstand.

Det er utarbeid instruks av Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap i 2010, der 72 timer kravet er omtala. Om denne instruksen er implementert i planverk som eigarar av tilfluktsromma kan ha er usikkert og Lindås kommune har ikkje oversikt over dette.

6. Har Lindås Kommune ein plan for alle tilfluktsromma i ein beredskapssituasjon?

Private har ansvar for eigen plan.

Sivilforsvaret har ansvar for å bemanne offentlege tilfluktsrom.

Lindås kommune har ikkje ein eigen samordna plan for bruk av tilfluktsrom.